

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
26.01.2022

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen, Edvard Bjerkestrand, Gerd Marie Solheim, Inger Synnevåg, Rune Minde.

**Varamedlemer:** Linda Skålevik Syslak, Anita Bakke.

**Andre:**

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Torill Hordvik, Kine Lerøy, Arne Lerøy, Kjell Dahle.

**Møtte ikkje:**

**Saker til førehaving:**

F – 01/22 – F – 04/22

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 01/22    GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader*

Vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent. Tillegg for orientering om møte i begge komiteane med ansvar for gudsteneste for alle.*

F – 02/22    FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

*Hege Ramsland og Bjørn Helge Olsen*

F – 03/22    GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 13.12.2021

Vedtak:

*Møteboka vert godkjent på neste møte (grunna feil i utskrifta)*

F – 04/21    ORIENTERINGAR:

- **Varmeløysinga i kyrkja.**

Sagt i møtet:

*Soknerådet stiller seg bak at det vert gjort ein energianalyse, for å analysera den mest effektive varmeløysinga som skal erstatta eswanlegget og for å avdekka mogelege energilekkasjar. Det vart uttrykt skepsis til varmekjelde under benkane, om det skulle vera eitt av alternativa. Kyrkjeverja bør også undersøka om det let seg gjera å installera solceller og eventuelle kostnader med dette. Det bør også undersøkjast om det er mogeleg å henta støtte frå ENOVA, eller liknande. (sjekk også med Bjarne Sæbø i kommunen om det er mogeleg å søkja kommunen om ekstraløyving i straumstøtte).*

- AU ønskjer og er i dialog med kommuneleinga for å få plass eit nytt møte med kommunen om **framtida for kyrkjelydshuset.**

Sagt i møtet:

- *Soknerådet stiller seg einstemmig bak ønsket om å bli verande der vi er.*
- *Kyrkjelydshuset er eit tenleg bygg til soknet sin bruk.*
- *Soknerådet er delt i oppfatninga om det er lurt å overta eigarskapen til huset. Dei som er skeptiske er uroa for at kommunen vil trekkja seg tilbake og overlata alt ansvaret for vedlikehaldet til soknet. Dei som er for, peikar på at kommunen i liten grad bidrar til vedlikehald i det heile, slik at overgangen til eigarskap slik sett vil ha lite å seia. Ved eit eventuelt sal i framtida vil soknet ha råderett over midlane.*
- *Det er fleire medlemmer i soknerådet som ønskjer å vera med i ei vedlikehaldsgruppe/husgruppe..*

- *Avstanden til kyrkja frå kyrkjelydshuset er tilfredsstillande.*
- *Universell tilkomst må på plass om vi blir verande.*
- *Det er delte meiningar i soknerådet om eit nytt forsamlingshus er tenleg, slik det tidlegare er blitt presentert etter skisse frå Todd Saunders.*

F – 05/22 BUDSJETT 2022

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd godkjenner budsjett 2022 slik det no ligg føre.*

**Vedtak:**

***Austrheim sokneråd godkjenner budsjett 2022 slik det no ligg føre.***

Bakgrunn:

Vi hadde saka oppe første gong i novembermøtet. Forutsetninga for saka då var tilbakemelding frå kommunedirektøren om at vi ville få eit driftstilskot på kr 2.875.000. Det ville ha vore same kronebeløp som i 2021 og 2020. Ei slik tildeling ville på ingen måte ta omsyn til pris og lønsvekst. I tillegg har soknet fått tildelt langt høgare kommunale tilskot før 2020 enn det som har vore tilfelle dei siste åra. Med framlegget til kommunal tildeling for 2022 ville behovet for å få soknet sitt budsjett til å balansera ført til at soknet sine fond måtte bli tappa med kr 572.000,- etter kyrkjevevja sine berekningar. Eit slikt nivå på tilskotet ville snart føra til at soknet sine reservar vart uttømt og ville ikkje på nokon måte vera berekraftig.

Soknerådet tok tak i saka og brukte tid på å formulera sitt vedtak. I vedtaket tallfesta ein auke i tildelinga til 300.000. I vedtaket viste ein dermed til behovet for auka ramme, samstundes som ein synte vilje til å dekkja inn det resterande underskotet med eigne midlar og stram budsjettstyring. Dermed fekk ein også synleggjort at soknet ville bidra innanfor dei rammer ein kan, samstundes som ein stiller krav til kommunen om ei langt meir realistisk tildeling.

Kyrkjevevja spelte inn soknerådet sitt vedtak i prosessen rundt revidert budsjett før jul. Kommunedirektøren gav etter nokre dagar skrifleg tilbakemelding om at soknet får auka driftsramma si med 300.000 kroner. Kommunedirektøren sitt framlegg vart etter det einstemming vedteke i formansskapet og kommunestyret.

Vedlagt ligg justert budsjettframlegg til godkjenning. Det kommunale driftstilskotet vert dermed auka frå 2.875.000 til kr 3.175.000. Soknet sitt ansvar vert då å finna dekning for 220.000 for at budsjettet skal balansera. Dette beløpet må bli tatt frå ubunde driftsfond. Soknerådet har tidlegare vedteke at ein skal bruka inntil 100.000 kvart år frå gjevartenesta (til trusopplæring) for å balansera budsjettutgiftene. Dette er uttak frå bunde fond. I heile 2021 vart det samla inn kr 107.546,- i gjevartenesta. Om ein tek 100.000 kroner frå denne kontoen i 2022 vil ein ta ut mindre enn ein får inn. Saldo på gjevartenestekontoen var pr 31.12.2021 på kr 637.070,43 kroner. Soknerådet har tidlegare vedtatt på prinsippielt grunnlag at det er ønskjeleg å ta ut midlar til trusopplæring frå gjevartenesta opp til 100.000 kroner årleg, men

likevel ikkje meir enn det som kjem inn årleg. Poenget er at det skal vera nokonlunde balanse mellom det som kjem inn og det som går ut. Øvrige inntektskjelder til trusopplæring kjem frå det sentrale statlege trusopplæringstilskotet, eigenbetaling frå konfirmantane og kyrkjeofringar til eiga verksemd.

Andre tiltak for å kunna få budsjettet i balanse, vil vera at ein etter kvart får auka effekt av høgare festeavgifter, auka pris på utanbygds gravlegging, auka eigenbetaling på gravstell, samt at vi held fram å ha ei generell straum økonomistyring. Vi budsjetterer ikkje med inntekter i form av sjukepengar. Det er også usikkert korleis den voldsomme auken i straumutgifter vil slå ut for oss i 2022. Det er lagt inn ein samla auke i straumutgifter på 70 000 kroner i dette budsjettet.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
26.01.2022

---

### Tilstades på møtet

**Medlemer:** Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen, Edvard Bjerkestrand, Gerd Marie Solheim, Inger Synnevåg, Rune Minde.

**Varamedlemer:** Linda Skålevik Syslak, Anita Bakke

### Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland.

**Desse hadde meldt forfall:** Torill Hordvik, Kine Lerøy, Arne Lerøy, Kjell Dahle.

### Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 01/2022

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

### Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- Soknerådsleiar orienterer om pågåande dialog med ungdomskoordinatoren i kommunen.  
*Soknerådsleiar har snakka med ungdomskoordinator. Ho har hatt dialog med foreldre, med tanke på eit mogeleg tilbod på kyrkjelydshuset for mellomtrinnet. Dette var eit opprinneleg forslag frå henne. Foreldra var ikkje veldig positive til dette. I soknerådet ønske ein dermed heller ikkje å gå vidare med eit slikt tiltak.*
- Det er planlagt oppstart av bygdelunsj/treff. Orientering ved soknepresten.  
*Oppstart vert 9.mars på kyrkjelydshuset (første onsdag i mars er i vinterferien). Vidare er tanken å ha dette tilbodet første onsdagen i kvar månad. Svanhild Neteland har tatt på seg ansvaret for å drifta tiltaket. Det er søkt om ovf midlar til tiltaket, men vi er ikkje avhengige av ei eventuell støtte for å drifta dette. Diakoninemda har gitt sine innspel til namnet. Ein har bevisst unngått å kalla dette eit «senior» tiltak eller eit «nabo» tilbod. Innhaldet vil først og fremst vera eit sosialt tiltak utan noko bestemt program. Av og til vil ein likevel utfordra nokon til å ha eit tema.*
- Orientering frå møte med komiteane for «Gudsteneste for alle»  
*Soknepresten har hatt eit eige møte med komiteen for «Gudsteneste for alle» og diakoninemda. Dette vart eit positivt møte. Ønskjeleg at 1 representant frå soknerådet vert med i nemnda. Sterk oppfordring til alle til å delta på desse gudstenestene.*